

Asbjørn Ragnar Solheim
Trøelandsvegen 208
5956 Hundvin

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/759 - 23/6606

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2023

Melding om at tidlegare fritidsbustad er registrert revet i matrikkelen -GBNR 92/11 Trøeland

Etter forespørsel frå Asbjørn Solheim til byggesaksvakten i Alver kommune, har kommunen utført fylgjande endring i matrikkelen. **Tidlegare registrert fritidsbygg på eigedommen 92/11 er registrert revet i matrikkelen.**

Matrikkelen er landet sitt register for opplysningar om eigedom, adresse og bygning. Kommunen, skatteetaten, feiarvesen og NGIR mfl. brukar opplysningar frå dette registeret til å utrekna sine tenester og avgifter etter.


I samband med kommunesamslåinga til Alver kommune vart det gjort ei maskinell retting, der alle bygningspunkt for hytter som mangla brukseining som hytte, fekk dette tillagt. Denne hytta som då frå før var registrert som unummerert brukseining pga at den var til nedfalls, fekk då maskinelt påført brukseining som fritidsbustad igjen (17.02.2020). Dette går fram av vedlagte matrikkelrapport før retting.

Det er ikkje noko dokumentasjon i kommunale arkiv om denne hytta, men me finn eit brev frå 1996 der naboar er bekymra for at hytte på eigedommen er til nedfalls og er til fare for barn og dyr.


På flyfoto frå 2003, kan me skimta noko som liknar restar av/ eit mindre bygg i flyfoto. Ved siste flyfotograferingar viser ikkje noko bygg, og bygget er heller ikkje teikna i kartet i dag.

Ut i frå dette finn me det dokumentert at det ikkje er noko fritidsbygg på denne eigedommen som gjev grunnlag for innkreving av offentlege avgifter, og vurderer det slik at det heller ikkje har vore det dei siste 10-åra. Bygget vert registrert som revet med fiktiv dato 01.01.2010.

Tinglyste eigar på denne eigedommen er avdøde Alfred Solheim. Denne meldinga vert sendt til dykk som dei 2 gjenlevande borna til Alfred. Arvingar vert oppmoda til å få avklart kven som skal ha heimelen til denne eigedommen, og få dette ordna med tinglysingen/ grunnboka. Det same er tilfelle for eigedommane GBNR 92/13 og 92/14.



Flybilde frå 2003.



Flybilde frå 2018.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

92-11- fritidsbustad før retting
92-11- fritidsbustad etter retting

Kopi til:

Byggesaksvakten v/ Einar Aase
NGIR forvaltning

Mottakarar:

Alf Ingvar Solheim
Asbjørn Ragnar Solheim

Trøelandsvegen 206
Trøelandsvegen 208

5956 Hundvin
5956 Hundvin